

# FITJAR KYRKJEBLAD



NR 3  
JUNI 2018  
ÅRGANG 41

**Kyrkjekontoret:**

Postboks 10, 5418 Fitjar  
Telefon: 53 45 85 00  
[kyrkja@fitjar.kommune.no](mailto:kyrkja@fitjar.kommune.no)

**Kontortider:**

onsdag og fredag: kl.10:00 - 15:00  
Ta kontakt på telefon om døra er låst  
og me er ute på oppdrag.

**Kyrkjeverje:**

Rydland, Harald 913 47 802  
[kyrkja@fitjar.kommune.no](mailto:kyrkja@fitjar.kommune.no)

**Sokneprest:**

Lydersen, Friðleif 471 76 743  
[frly@fitjar.kommune.no](mailto:frly@fitjar.kommune.no)

**Kantor:**

Overweg, Jan 901 97 069  
[jaov@fitjar.kommune.no](mailto:jaov@fitjar.kommune.no)

**Kyrkjetenar/kyrkjegardsarbeidar:**

Skumsnes, Kristian 992 23 972

**Soknerådsleiar:**

Fangel, Sigrid 480 94 634

**Nestleiar sokneråd:**

Aarbø, Gunnvald 916 86 123

**Bakken barnehage:**

kontor 53 22 26 00  
[bakken.barnehage@haugnett.no](mailto:bakken.barnehage@haugnett.no)

Redaksjonelt



Gåver til kyrkjelydsprest og kyrkjelydsarbeidet  
(Skriv om du vil øymerke gåva)  
kontonr. 3546.29.05805

**Framsidedeilete:**

Båten  
Frå arrangementet i Breiavikjo laurdag 26. mai.

Foto: Torbjørn Hovland

Vi har alle eit namn. Eit namn som vi fekk mens vi ennå var små. Vi har kanskje fått namnet fordi vi blei oppkalla etter nokon, eller fordi mor og far syntest det var fint. Dei ønsker å gje oss eit namn vi kan vere stolte av både som barn og som vaksne. Namnet er ein del av identiteten vår som menneske. Du og eg responderer når nokon seier namnet vårt.



*Friðleif Lydersen*

«Og no, så seier Herren, som skapte deg, Jakob, som forma deg, Israel: Ver ikkje redd! For eg har løyst deg ut, eg har kalla deg ved namn, du er min.» (Jesaja 43,1)

Gud fader kallar oss med namn. Han er ein personleg Gud som kjenner kvar einskild av oss. Gud fader bryr seg om oss. Han har ein relasjon til deg og meg. Ein relasjon som blei øydelagt i syndefallet, men hans største ønske er å opprette eit nytt band med oss, for Han er vår Far og Han elsker oss med evig kjærleik.

Difor gav Han sonen sin for å rette opp igjen denne relasjonen.

«Ho skal føda ein son, og du skal gje han namnet Jesus, for han skal frelsa folket sitt frå syndene deira.» (Matt.1,21)

Jesu namn er det som skapar den nye bandet mellom Gud og menneske. Den som er stolt av Jesu-namnet er den som har fått ny kontakt med Gud vår far.

Jesus kan gje oss framtid og håp når vi er stolte av å høyra han til. Han har ein plan med liva våre som vi etter kvart vil skjønne når vi held oss tett inn til han. I det andre verset i Jakob Sande sitt dikt «Åndeleg sjømanns-song» som no er å finne i Norsk salmebok, får vi høyre korleis Jesus er og kva ønske han har for oss:

*Kvar gong Jesu namn kjem til meg,  
kjenner eg hans broderhand,  
og eg veit at alt han vil meg  
er å lose meg i land  
til den stad, til den stad,  
staden som på berget lyser,  
høgt på berget, der han lyser  
mot den gylne himmelrand.*

Når vi responderer på Jesu-namnet, vil han alltid vere med oss. Det er godt å sjå på Han og retta blikket mot lyset frå oppstoda. Å tilhøyra Han gjer oss stolte, frimodige og glade.



Inni kyrkja gjeld bøkenes bok. Den skal ikkje beskjerast eller forandrast. Men utanfor kyrkja er det bøkehekk, og den må stellast kvart år. 28. april var det dugnad med klipping og raking av store mengder kvist og lauv. Med godt vær, god stemning og graut og kaffi vart det ei triveleg økt i vårsola.

Foto: Torbjørn Hovland

**"Fitjar Kyrkjeblad"**

er Fitjar sokneråd sitt informasjonsblad.

**Adresse:**

Kyrkjekontoret / rådhuset - Postboks 10, 5418 Fitjar

Heimeside Fitjar kyrkjelyd: <https://kyrkja.no/fitjar>

Gåver til kyrkjebladet og kyrkjelydsarbeidet gir høve til skattefrådrag.

**Frist for innlevering til neste blad er 14. september til [kyrkja@fitjar.kommune.no](mailto:kyrkja@fitjar.kommune.no)**

Neste blad kjem etter planen 26. september. Har du tips, stoff eller bilete til bladet, er du velkomen til å senda det til oss.

Trykk: Nils Sund Boktrykkeri AS

Dette er verkeleg ein salme for framtid og von, ein lovsong. Denne songen minner meg mykje om nokre vers frå profeten Jeremia; «For eg veit kva tankar eg tenkjer om dykk, seier Herren. Det er fredstankar og ikkje tankar til ulukke. Eg vil gje dykk framtid og von». Jer 29:11.

Dette er ein salme eg ynskjer og trur at alle kan og må bli glad i. Den gjer i alle fall meg glad, og eg får ei sterk kjensle av korleis det vert i himmelen. Eit overveldande tonevill av musikk og song som brusar som eit hav, men som også kan tilby ei god stille og eit fargespekter som jamvel overgår dei mest fantastiske solnedgangane me har hatt no i vår og i sommar. Augo våre får ny glans og glød, når me får ta del i den veldige lovsongsjubelen.

Men det beste er at eg får møte Jesus, og takka for at han tok på seg all skuld og straff som eg kom til å verta dømt for. Naglemerkene er beviset, og no sit Jesus på nådestolen og ønskjer meg hjarteleg velkomen.

Siste verset syner til sigeren for dei som trur på Jesus. «Og det er ikkje frelse i nokon annan enn Jesus. For det finst ikkje noko anna namn under himmelen, gjeve mellom menneske, som vi kan verta frelste ved».

Apg 4:12.

Så kjem takken. Takk til alle som har fortalt dette til meg, som har vist meg at Jesus er vegen, sanninga og livet. Takk til alle som viste meg skattar i Guds ord, om korset, om Guds paradiso og vårt nye heimland.

Eg er glad at biskop Karl Marthinussen fekk alt dette så klart fram i denne salmen, som han skreiv i 1954. Det var ein dyktig og klok biskop.

Foto: Fitjarposten Kjetil Rydland



*Ja, engang mine øyne skal se Kongen i hans prakt; få tilbe i hans tempelhall hans nåde og hans makt. I et krystallklart hav av lys forsvinner tidens natt og gys, forvandlet blir hver gåte her til lovsangsjubel der.*

*Og salighetens tonevill skal bruse som et hav, som sus av skog en sommerkveld når himlen er som rav. Og gjenfødt all naturen er, og ingen skygge faller mer. Og alt av skjønt mitt øye så, ny glans og glød vil få.*

*Men skjønnest er det dog å se Guds Lam så underbart, med merkene fra korsets tre av seirens glans forklart. Og dette lys er mer enn sol; det er Guds gylne nådestol, og støvets drakt som her meg bandt, blir klart som diamant.*

*Så er jeg frelst, så er jeg fri, så har jeg vunnet frem. Så er min strid med ett forbi, så er jeg i mitt hjem, det hjem min frelser lovet har hver den som korset med ham bar, Guds paradiso, vårt rette hjem, det ny Jerusalem.*

Av Karl Marthinussen

**Rolv Wesenlund sa ein gong at livet er ikkje berre ein leik, det er også ein dans på roser. Slikt høyrest jo flott ut, men for dei fleste av oss inneber livet også tunge stunder av ulik type og lengde.**

*Torbjørn Hovland*

26. april var det siste temakveld i vår, med foredrag om skuld og skam av psykolog og tidlegare misjonær Unndis Bergås. Etter to periodar som misjonær på Taiwan utdanna ho seg som psykolog i USA, og har deretter undervist i Oslo. No driv ho privat psykologpraksis i Bergen.

Det er viktig å forstå at skam og skuld ikkje er det same. Kjensla av skuld kjem av noko gale me har gjort. Slik Gud tilgjev syndarar, kan me og tilgi dei som har forbrote seg. Men ingen kan krevja tilgjeving, t.d. etter eit seksuelt overgrep. Og sjølv om ein vert tilgitt, kan det ta lang tid å byggje opp att tillit i omgangskrets og arbeidsliv.

Skam kjem av ei kjensle av det er noko utilstrekkeleg og mislukka med meg som menneske. Skam sit djupare, er vanskelegare å reparere, og kan lett gå over i depresjon. Og stundom er det feil person som føler skam. I fleire kulturar og saker kjenner også offeret på skam dersom dei vert utsette for seksualbrotsverk. Dei som slit med skamkjensle treng forståing og medkjensle, utan fordøming.

Unndis kallar det eit nådig blick.

Nær knytta til både skuld og skam, sit samvitet vårt. Dersom ein alltid oppfattar samvitsplager som Guds kritiske røyst, vert vanskan enda større. Nokon får dårleg samvit for det som er bagatellar for folk flest, medan andre knapt har eit samvit i det heile. Menneske med mangelfullt samvit er det mange av i fengsla våre. Psykologen meinte og at bekjenning og skriftemål har for liten plass i den lutherske kyrkja. Mange kan hjelpast av å møte eit lyttande menneske som forstår, og formidlar tilgjeving og nåde.

Menneskesinnet er komplisert og stundom ustabil, og eit slikt foredrag gav oss djupare innsikt i mekanismene bak ulike psykologiske utfordringar.



Elisabeth Moldestad og Svein Tørnquist stod for musikalske innslag som passa til tema for kvelden, og stundom kan ein føle at ein vart ein smule klokare. Orda traff oss og vart med heim etterpå.





Laurdag 26. mai var 4. og 5. klassingar invitert til Breiavikjo og aktivitetar både på land og i båt. Her var det hinderløype, kanopadling, fiskeing og steiking av pinnebrød. I løpet av dagen vart borna også betre kjent med kven Jesus er gjennom bibelforteljingar, songar og andakt.

28 born var påmeldt, og det vart ein strålende dag i Breiavikjo denne laurdagen. Borna vart delt inn i fire grupper som rullerte mellom dei ulike aktivitetane.

Håkon Rydland Sæbø hadde sett ut fire garn kvelden før, og alle gruppene fekk vera med på å dra opp garn og sløya fisk.

På kvar stasjon fekk dei læra ei bibelforteljing om Jesus og vatn, og ein song.

Ein stor takk til Astrid Prestbø, som leia arrangementet, og dei frivillige som var med og gjorde det slik at vi kunne gjennomføra "Båten" for borna.

Foto: Torbjørn Hovland





**Bak frå venstre:**

Mads Mikal Skumsnes Drønen, Birk Vestvik,  
Clara Wohlrab, Siren Vik, Svanhild Gjøen Vestbøstad,  
Oddbjørn Tufteland Thomassen,  
Stig-Arne Vesterheim Stadheim,  
Daniel Prestbø, Tobias Vestbøstad, Emilie Skram Isdahl,  
Eline Fitjar Hjelle og Sofie Rimmereid.

**Nest bakerst frå venstre:**

Ole Cato Tufteland, Martha Olsen Brandvik,  
Ida Taranger Alvsvåg, Marion Træet, Stine Eggøy Nilsen,  
Ingvild de Fine Olsen, Emma Helene Ahrens Helland,  
Eirin Moldestad Oma.

*Foto: Per Egil Larsen*

**Nest fremst frå venstre:**

Cecilie Marie Eilerås, Knut Eivind Grimen,  
Kristina Skogheim Seddon, Anders Bukkøy Langeland,  
Nathalie Michelle Tranøy Tislevoll,  
Liv Hanna Jordan Raunholm, Carina Kristiansen Turøy,  
Natalie Steien, Alexandra Maraas.

**Fremste rekke frå venstre:**

Ole Sørensen Dalsgård, Sebastian Knapstad Bakke,  
Mailinn Helland, Karen Lizeth Hjelmen Grimen,  
Marius Torbjørnsen, John Martin Engesund Pedersen,  
Kyrre Thomassen, Oda Volden de Fine, Håvard Fitjar,  
Victoria Malene Maraas og Leon Bernes.

**Foran:**

Olav Johannes Oma og Fríðleif Lydersen prestar.



Foto: Torbjørn Hovland

Fitjar kyrkjekor skal i haust arbeida med to større prosjekt. Det første blir ein av temakveldene i kyrkja. Den har fått tittelen «Gå i fred» - ei musikalsk vandring gjennom messeledd.

### Jan Overweg

Koret øver inn komposisjonar i ulike stilartar, som har utgangspunkt i dei faste messeledd. Temakvelden er alt torsdag 27. september, og difor skal koret ha eit øvingsseminar laurdag 8. september i tillegg til onsdagskveldane.

Det andre prosjektet er innøving og framføring av "Visst skal våren komme" med tekster av Eyvind Skeie og musikk av Sigvald Tveit. Dette er nydeleg musikk om forventning og håp. Det høver difor godt å framføra dette verket som konsert 1. november - som er allehelgensdag på primstaven.

Fitjar kyrkjekor vart oppretta for 3 år sidan, og medlemstalet har hold seg rundt ca 20. Men kanskje nokon syns det det hadde vore kjekt å vera med på noko av dette? Ta kontakt med kantor Jan Overweg - vi har plass til fleire songarar! Øvingane startar onsdag 29. august kl.19.30.



Siste søndag før konfirmasjonen hadde vi ei gudsteneste der alle konfirmantane tok del. Ein gjeng var med og spelte til fleire av salmane, konfirmantane stilte opp og song: Cantai ao senhor. Kom syng for vår Gud, ein ny song for Herren. Ein salme som dei har sunge mange gonger gjennom konfirmasjonstida. Dei deltok og som tekstlesarar og forbedarar i gudstenesta.

T: Olav J. Oma,  
F: Torbjørn Hovland

Etterpå var det konfirmantfest på bedehuset med deilig mat og enkelt program. Der var det fjorårs konfirmantane sine foreldre som stelte i stand.

Den andre helga i mai var det tradisjonen tru konfirmasjon.

Her ser vi inngangsprosjesjonen til ei av dei fine konfirmasjonsgudstenestene.

Vi vil takke alle konfirmantane for eit fint år, og ynskjer dei Guds signing for dagane og åra som kjem!

*Fridleif og Olav*



Fitjar kyrkjelyd har misjonsavtale med Det norske misjonsselskap og støttar NMS sitt arbeid blant fulanifolket i Mali. Fulaniane i Mali har ein sterk muslimsk tradisjon, men mange vil gjerne lære meir om Jesus Kristus. Det vert drive evangeliserande og kyrkjebyggjande arbeid, og både radio, hefte og bøker vert tekne i bruk i formidlinga. Misjonærane jobbar ofte saman med lokale kristne. Her kjem eit ferskt misjonsglimt frå det evangeliserande arbeidet i Mali:

#### Helga Rimmereid

Alhadj kjem frå ein av byane i Mali der misjonen har jobba i lenge. Onkelen hans er den viktigaste Koranlæraren i byen. Då Alhadj var liten studerte han og andre unge gutar Koranen hos onkelen hans. Blant alle barndomsvenene til Alhadj er det éin som har vorte kristen. I fleire år har dei to unge menna nytta ledige stunder til å snakka saman om tru, om islam sin veg og om Jesus sin veg. Kva er sant? Kva er rett? Kvifor seier dei kristne at Jesus er Guds Son? Kva er dei kristne sitt forhold til svinekjøt og alkohol? Kvifor kan ikkje dei kristne akseptera Muhammed som profet når muslimar godtar at Jesus var ein profet? Kva openbering kjem eigentleg frå Gud? Kven kan leia oss til Gud og berga oss gjennom døden?

Gjennom samtalane med sin kristne ven har Alhadj litt etter litt komen til å tru at Jesus Kristus er svaret på det siste spørsmålet. Han har og teke til å tvila på mange av dei tinga han lærte hjå onkelen sin då han var ung.

Til sist fekk Alhadj eit ultimatum frå foreldra sine: anten må du slutta med denne flørten med den kristne trua, eller så får du ikkje bu hjå oss lenger, og me avbryt prosessen med å finna ei kone til deg. Det var eit vanskeleg val som vart tvinga på ein ung mann. Etter nokre dagar tok han med seg symaskina si, som han tener til livets opphald med, og flytta heimafrå. Nokre veker seinare, våren 2016, var han med barndomsvenen sin på ei kristen gudsteneste for første gang. No er han trufast deltakar på gudstenestene i ein av dei små fulanitalande kyrkjelydane som misjonen har starta i Mali. Nyttårshelga deltok han på den første kristne ungdomsleiren for fulanitalande i Mali, og han fortalte vitnesbyrdet sitt framfor dei førtitals ungdommane som var samla.



Alhadj haldt kontakt med familien sin via telefon. Etter nokre månader som utstøtt opplevde han det same som enkelte andre kristne fulaniar har gjort: relasjonen med familien vart gjenoppretta, og han fekk lov å koma heim att, sjølv om han framleis meiner at det er på Jesus sin veg mennesket finn frelse.



Illustrasjonsfoto - fulanijihadist: Ingvald A. Frøyen

I fjor samla Fitjar kyrkjelyd inn 59 819,- til arbeidet i Mali. Så langt dette kyrkjeåret har me samla inn 57 217,- til misjonsprosjektet. Neste kollekt til misjonsprosjektet vert 1. juledag. Ynskjer du å støtta arbeidet i Mali ut over dette kan du gje ei gåve til kontonummer 8222 02 85057 og merka betalinga med Mali.

### LUNSIKONSERTAR

sommaren 2018 - i Fitjar kyrkje

KANTOR JAN OVERWEG spelar eit halvtimes program på det nye og flotte ÅLEMS-orgelet i Fitjar kyrkje

laurdag 23. juni, 07. juli og 21. juli kl.12.00-12.30

Gratis entré



Foto: Kjetil Rydland

### Jonsokbasaren

vert tysdag 26. juni kl.18:00 i Fitjar bedehus.  
Det vert andakt ved Herman Inge Aaland.  
Kveldsmat.

Alle er hjarteleg velkomne!

Det Norske Misjonsselskap

### Opningstider kyrjekontoret

Kyrkjestaben er liten og dei fleste har deltidstillingar. Difor har me ikkje høve til å ha så mykje fast opningstid på kyrjekontoret. Me kunngjer at opningstidene er onsdag og fredag kl. 10 – 15.

Dei dagane kyrjekontoret skal vera ope kan det henda me av og til må vera ute på andre oppdrag for kyrkja. Ta kontakt på telefon dersom døra er låst og du ikkje finn folk.

### BABYSONGKURS

For babyar mellom 0 og 12 månader  
saman med ein vaksen

På Fitjar bedehus **TYSDAGAR** kl. 10.30 - 12.00

\* songstund \* nistemåltid \* leik og drøss

Datoar hausten 2018:

4/9, 18/9, 2/10, 16/10, 30/10, 13/11, 27/11, 11/12

Etter songstunda vert det felles nistemåltid.  
Me serverer kaffi, te og saft.

Ta med niste, kopp, gulpekjut og tøflar.

**Påmelding** og evt. spørsmål kan rettast til Helga Rimmereid tlf. 975 28 002 eller Astrid K. Prestbø 976 25 833. Påmelding må innehalda namn og alder på barnet og namn på den vaksne. **Pris kr. 150,- inkl. CD og enkelt songhefte. Påmelding innan torsdag 30. august!**

Følg oss gjerne på facebook: *Fitjar babysong og småbarnstreff*

**VELKOMEN !!**



Arr: Fitjar sokneråd

### SMÅBARNSTREFF

For ungar mellom 0 og 6 år  
saman med ein vaksen

På Fitjar bedehus **TYSDAGAR** kl. 10.30 - 12.00

\* songstund  
\* nistemåltid  
\* leik og drøss

Datoar hausten 2018:

4/9, 18/9, 2/10, 16/10, 30/10,  
13/11, 27/11, 11/12

Ta med niste, kopp og tøflar.  
Me serverer kaffi, te og saft.

Ingen betaling  
eller påmelding!

**VELKOMEN !**

Følg oss gjerne på facebook:  
*Fitjar babysong og småbarnstreff*

Arr: Fitjar sokneråd

**LOS ELEKTRO** **EL-PROFFEN**  
 www.los-elektro.no  
 firmapost@los-elektro.no  
 53 42 21 00

**MesterVindu** Tlf: 53 45 89 70 - Fax: 53 45 89 80  
 Internett: www.mestervindu.no

**FMV** 53 45 72 00  
 53457220 (fax)  
**Fitjar Mekaniske Verksted AS**

**FITJAR**  
 småbåt & fritidsservice  
 - Me kan frilid  
 Årskog, 5419 Fitjar 944 30 500 http://www.fitjarbaat.no/

**GSE SANDVIK AS**  
 55 60 18 20

**Din Catering leverandør**  
 Telefon: 41 42 80 38 (Randi)  
 E-post: fitjarcamping@haugnett.no  
**FITJAR Sjø og Camping**

**SPAR**

**KVERNENES BÅTBYGGERI**  
 Kvernenes Båtbyggeri AS, Kalvøi 27, 5419 Fitjar  
 Telefon: 53 49 90 90, baatbygg@kvernenesbaat.no

**VAREHUSET RYDLAND** **EURONICS**  
 lyd og bilde - telefoni - kvitevarer - møbler - gaveartikler mm.  
 53 49 73 07 www.rydland.as post@rydland.as  
 53 49 73 09

Ledig annonseplass.

**VB** **Hatlevik Rør AS**  
 VARME & BAU  
 Tlf: 53 49 93 15

**Thea Sweet As** **Sko - Gåver - Leiken**  
 Kom: Norsk Tipping Rikstoto  
 Tlf. 53 49 71 61

**Duo** OPNINGSTIDER:  
 Man-tys-fre: ..... 9-16  
 Ons-tors: ..... 9-18  
 Laurdag: ..... 10-14  
 No kan du bestille time på nett:  
 www.ledigtime.no Tlf. 53 49 79 72

**Hår loftet** OPNINGSTIDER  
 Mån.tirs.fro: ..... 9-16  
 Ons.tors: ..... 9-18  
 Laur (kun drop-in): 10-13  
 Fiks frisyren hos oss!  
 Treff oss 1 2. etg i Larsen bygget  
 For timebestilling ring: 53 49 78 90

**Fitjar FJORDHOTELL**  
 Tlf. 53 45 77 00

**Videoen Kiosk** **MIX**

**AARBØ & KORSVIK FORSKALING** TLF: 916 46 123

**GRØNAVIKJO UTVIKLING AS**  
 Vestbøstad - 5419 Fitjar  
 90 12 02 81

**Engevik & Tislevoll a.s**  
 Byggmester og Entreprenørfirma  
 Tlf. 53457300. Fax. 53457310

**Vågen's kro og catering** **KYSTEN RUNDT**  
 48 04 19 09

**SJØTROLL** Sjøtroll Havbruk AS  
 Vestbøstad - 5419 Fitjar  
 919 11 800

**Vesthaugane**  
 www.vesthaugane.no  
 Telefon: 53 49 74 34 - 91 82 41 58

**Aarskog Elektro**  
 AUT. ELEKTROENTREPRENØR - 5419 FITJAR  
 TLF. 53 49 71 00 - MOB. 40 40 41 45

**REMA 1000**  
 bare lave priser  
 Fitjar - tlf. 53 49 70 50

**FRS** Mobilnr: 975 02381  
 FITJAR RØR & SANITÆR A.S.

**Engesund Fiskeoppdrett**  
 Visningscenter  
 Mobilnr: 951 89950

**CARFIX** Carfix Fitjar  
 Tlf: 53 49 71 21

**HEIMLI SHIP DESIGN**  
 Fitjarøen 24, NO-5419 Fitjar - Tel: +47 46 91 72 70  
 E-mail: post@heimli.com - Web: www.heimlishipdesign.com

**PORT STEINGARD** Port Steingard AS  
 v/Johs Sandvik  
 Postboks 11, 5418 FITJAR  
 Telefon 916 67961

**Fitjar-Posten**  
 E-POST: tips@fitjarposten.no - MOB: 481 51 491  
 www.fitjarposten.no

SparebankenVest  
**VI ER FAMILIEBANKEN**  
 Vi følger deg hele livet

**Galleri Flora as**  
 Opningsstider:  
 Mandag - onsdag ..... 09.00 - 16.30  
 Torsdag - fredag ..... 09.00 - 18.00  
 Laurdag ..... 09.00 - 15.00  
 Mkt i Larsenbygget, Fitjar sentrum  
 Tlf. 53 49 05 00  
 Blomster - Gaver - Gravminner

**NBK** Fitjar Bygdekvinneag  
 norges bygdekvinneag

**Susflidskroa**  
 Tlf: 53 49 79 60

**Syng med oss!**  
 OSTERNES MANNSKOR

**Galleri Flora as**  
 Opningsstider:  
 Mandag - onsdag ..... 09.00 - 16.30  
 Torsdag - fredag ..... 09.00 - 18.00  
 Laurdag ..... 09.00 - 15.00  
 Mkt i Larsenbygget, Fitjar sentrum  
 Tlf. 53 49 05 00  
 Blomster - Gaver - Gravminner





# Slekters gang



Foto: Anne Hardeland

## **Døypete:**

**20.05.**

Solan Nesse Vea

**03.06.**

Thea Amores Tufteland

## **Vigde:**

**05.05.**

Hege Aarbø og  
Frank Robin Stenseide

## **Jordfeste:**

Ansgar Jan Madsøy  
f: 06.02.1940 d: 21.04.2018

Nils Tangen Tislevoll  
f: 16.02.1948 d: 02.06.2018



# Gudstenesteliste

Lau.	23.06.		12:00	Lunsjkonsert ved Jan Overweg
Søn.	24.06.	Jonsok	11:00	Gudsteneste ved Egil Larsen og Jan Overweg, takkoffer Åpne dører.
Søn.	01.07.	6 sit	11:00	Gudsteneste ved Frídleif Lydersen og Jan Overweg, takkoffer Kyrkjelydsarbeid.
Lau.	07.07.		12:00	Lunsjkonsert ved Jan Overweg
Søn.	08.07.	7 sit	11:00	Gudsteneste ved Frídleif Lydersen og Jan Overweg, takkoffer Kyrkjelydsarbeid.
Søn.	15.07.	8 sit	11:00	Friluftsgudsteneste i Kråko ved Frídleif Lydersen.
Lau.	21.07.		12:00	Lunsjkonsert ved Jan Overweg
Søn.	22.07.	9 sit	11:00	Gudsteneste ved Frídleif Lydersen og Jan Overweg, takkoffer Kirkens SOS.
Søn.	29.07.	Olsok	11:00	Gudsteneste ved Marit Isaksen Espedalen og Olaug Gloppen, takkoffer Kirkens Bymisjon Stord.
Søn.	05.08.	11 sit	11:00	Gudsteneste ved Thor Haavik og Harald Rydland, takkoffer Normisjon.
Tor.	09.08.			Konsert m/Alverflaten Jazzband
Søn.	12.08.	12 sit	11:00	Fitjarfestivalen, familiegudsteneste ved Svein Arne Theodorsen, takkoffer Kyrkjelydsarbeid.
Søn.	19.08.	13 sit	11:00	Gudsteneste ved Egil Larsen og Jan Overweg, takkoffer NLA.
Søn.	26.08.	14 sit	11:00	Vingårdssøndagen Presentasjonsgudsteneste ved vikarprest og Jan Overweg, takkoffer Kyrkjelydens barne- og ungdomsarbeid.
Søn.	02.09	15 sit	11:00	Friluftsgudsteneste på Smedholmen ved vikarprest.
Søn.	09.09	16 sit	11:00	Søndagsskulens dag, familiegudsteneste ved vikarprest og Jan Overweg, takkoffer Søndagsskulane.
Søn.	16.09	17 sit	12:00	Pilegrimsgudsteneste ved vikarprest og Jan Overweg, takkoffer TenTreff.
Søn.	23.09	18 sit	11:00	Gudsteneste ved vikarprest og Jan Overweg, takkoffer Det teologiske Menighetsfakultet.
Søn.	30.09	19 sit	11:00	Familiegudsteneste 4 års bok ved vikarprest og Jan Overweg, takkoffer Kyrkjelydsarbeid.